



# Budsjett 2018

## Stab og støtte Helse Førde HF

Pr. 08.12.2017 12:43:43

## Innholdsliste

1	Samandrag .....	3
2	Status omstilling.....	4
3	Økonomi .....	4
3.1	Budsjetteknisk.....	4
3.2	Stab og støtte – samla.....	5
3.3	Administrerende direktør .....	7
3.4	Stab og støtte fellesområde.....	8
3.5	Fag og utviklingsavdeling .....	9
3.6	HR-avdeling.....	10
3.7	Økonomiavdeling.....	13
3.8	Drift og eidegom.....	134
4	Bemanningsplan Stab og støtte .....	18
5	Budsjettprosess.....	19

# 1 Samandrag

Stab og støtte legg til grunn ei netto budsjetttramme på 439,2 millionar i 2018. Sjølv om budsjettet er trøngt, så er det prioritert midlar til organisasjonsutvikling gjennom programmet «Pasientens helseteneste».

## Budsjettekniske føresetnader

Utarbeidd prognose for 2017 er utgangspunktet for budsjettarbeidet, endringar i drifta i 2017 er difor innarbeidd i budsjettdokumentet. Vesentlege tiltak planlagt i 2018, og fleire av driftsendringane frå budsjett 2017 til budsjett 2018, er spesifisert i oppsett for aktuell avdeling.

I framlegg til budsjett er det lagt inn følgjande føresetnader ved prisjustering:

- lønskostnader 3 prosent
- driftsinntekter 1,8 prosent
- driftskostnader 1,8 prosent
- basisinntekter 2,7 prosent
- pensjonskostnader redusert med 4,1 millionar

I budsjettarbeidet har tillitsvalde, verneombod, samt alle leiarane i stab og støtte vore involverte. Leiarane er oppmuntra til å ta med seg dei tillitsvalde i budsjettarbeidet. Med bakgrunn i budsjettarbeidet har stab og støtte kome fram til følgjande framlegg til budsjetttramme for 2018:

<b>Budsjetttramme 2018 Stab og støtte (tal i 1000 kroner)</b>	
<b>Nettokostnader budsjett 2017</b>	439 217
Ramme og prisendringar	3 537
Endring som følgje av vedtak og hendingar i 2017	- 7 504
<b>Sum nettokostnader - ramme 2018</b>	<b>435 250</b>

## 2 Status omstilling

Målet om å drive effektive stab og støttetjenester for at mest mogeleg av tilgjengelege ressursar skal gå til kjerneverksemda i føretaket, står fast. Effektivitetsmålet må balanserast opp mot tenestene som stab og støtte skal levere, arbeidsmiljø, sjukefråvær, HMS m.m. Arbeidet med sjukefråvær og arbeidsmiljø har vore høgt prioritert i stab og støtte gjennom lengre tid. Fråværet har tradisjonelt vore høgare enn i dei fleste kliniske avdelingane. Men dei siste åra er sjukefråværet redusert, og i 2017 har sjukefråværet så langt vore 5,8 prosent.

## 3 Økonomi

### 3.1 Budsjetteknisk

Budsjetteknisk	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Prognose 2017	Budsjett 2018	Endring B18-B17
400001 - Konsern - andre felleskostn.	7 474	6 284	1 284		- 6 284
400008 - Basisramme	- 1 525 814	- 1 393 268	- 1 388 168	- 1 413 414	- 20 147
400600 - Avskrivningar Bygning	64 466	41 000	41 000	42 000	1 000
400601 - Avskrivningar Med.teknisk utstyr	19 946	22 000	22 000	22 000	
400602 - Avskrivningar IT-utstyr	714	1 000	1 000	1 000	
400603 - Avskrivningar Driftsteknisk utstyr	11 298	12 000	11 000	11 000	- 1 000
410050 - Gjestepasientar somatikk HF	12 919	31 407	26 232	31 810	403
410051 - internt gjestepasientoppgjjer	19 684	23 436	23 436	23 651	215
410052 - Gjestepasientar Rehabilitering	11 497	23 513	26 513	26 513	3 000
490000 - Renter på lån og bankinnskot	- 653	3 400	1 400	2 400	- 1 000
490001 - Andre finanskostnader og inntekter	361	611	611	611	
N4_OAD1 - GJESTEPASIENTAR				- 10 513	- 10 513
<b>Totalsum</b>	<b>- 1 378 107</b>	<b>- 1 228 618</b>	<b>- 1 233 693</b>	<b>- 1 262 942</b>	<b>- 34 325</b>

På budsjetteknisk område ligg i hovudsak tre typar kostnader – gjestepasientar, avskrivningar og finanskostnader. På inntektsida ligg basisinntekt. Endringane i inntekt skuldast endringar i tilskota samt prisomrekning.

Endringar i kostnaden for gjestepasientar er dels ei flytting mellom klinikkane, samt antatt lågare kostnader i 2018 som følgje av lågare kostnader inneverande år. Når det gjeld avskrivningar vil nivået ligge på om lag same nivå som i 2017. For finansområdet vil vi ta opp nye lån i 2018. Kostnadene er difor noko auka. Elles er det mindre endringar i kostnadene som vert ført på budsjetteknisk område.

Prisendring og tiltak (tal i 1000 kroner)	
<b>Nettokostnader budsjett 2017</b>	- 1 228 618
Rammefinansiering, basisramme	- 20 147
Gjestepasientkostnader	- 6 895
Endring kostnader	- 6 284
Finanskostnader	- 1 000
<b>Sum nettokostnader - ramme 2018</b>	<b>- 1 262 942</b>

## 3.2 Stab og støtte – samla

<b>Budsjettramme 2018 Stab og støtte (tal i 1000 kroner)</b>	
<b>Nettokostnader budsjett 2017</b>	439 217
Ramme og prisendringar	3 537
Endring som følgje av vedtak og hendingar i 2017	- 7 504
<b>Sum nettokostnader - ramme 2018</b>	<b>435 250</b>

<b>Stab og Støtte</b>	<b>Rekneskap 2016</b>	<b>Budsjett 2017</b>	<b>Prognose 2017</b>	<b>Budsjett 2018</b>	<b>Endring B18-B17</b>
LN01 - Basisramme	- 125 112	- 119 390	- 120 290	- 124 063	- 4 674
LN071 - Øymerka tilskot - raskare tilbake	- 663	- 416	- 216		416
LN08 - Andre øymerka tilskot	- 16 307	- 5 946	- 5 840	- 3 525	2 421
LN09 - Andre driftsinntekter	- 77 640	- 82 367	- 73 921	- 75 183	7 184
<b>Sal og driftsinntekter</b>	<b>- 219 722</b>	<b>- 208 119</b>	<b>- 200 267</b>	<b>- 202 771</b>	<b>5 348</b>
LN11 - Kjøp av offentlege helsetenester	- 688	921	679	268	- 652
LN12 - Kjøp av private helsetenester		40	40	41	1
LN13 - Varekost	23 251	19 906	19 409	19 706	- 201
LN15 - Lønn til fast ansatte	171 086	180 068	180 828	176 458	- 3 610
LN16 - Overtid og ekstrahjelp	3 300	3 336	3 937	3 700	365
LN17 - Pensjonskostnad inkl arbeidsgjevaravgift	52 515	46 739	46 739	42 403	- 4 336
LN18 - Off tilskudd og refusjoner vedr arbeidskraft	- 8 341	- 5 502	- 7 158	- 5 917	- 415
LN19 - Annen lønn	27 500	29 379	29 297	29 229	- 150
LN22 - Andre driftskostnader	390 725	372 451	352 714	372 133	- 318
<b>Driftskostnader</b>	<b>659 348</b>	<b>647 337</b>	<b>626 484</b>	<b>638 021</b>	<b>- 9 316</b>
Finans resultat	13				
<b>Sum</b>	<b>439 639</b>	<b>439 217</b>	<b>426 217</b>	<b>435 250</b>	<b>- 3 967</b>

Tabellen syner at netto kostnader vert redusert frå 439,2 millionar i budsjett for 2017 til 435,3 millionar i budsjett for 2018.

Budsjettframlegg for avdelingane i Stab og støtte:

Stab og støtte pr. avdeling	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Prognose 2017	Budsjett 2018	Endring B18-B17
OCA - STAB OG STØTTE FELLESOMRÅDET	126 632	124 921	119 143	131 006	6 085
OCB - ADM DIR	13 916	13 702	14 902	16 786	3 084
OCC - FAG OG UTVIKLINGS-AVDELING	31 343	39 515	40 885	40 070	554
OCD - HR-AVDELING MED PASIENTREISER	32 948	39 334	30 297	29 743	- 9 592
OCF - ØKONOMIAVDELING	24 407	25 801	25 651	25 354	- 448
<b>Sum Foretaksområdet</b>	<b>229 246</b>	<b>243 274</b>	<b>230 877</b>	<b>242 958</b>	<b>- 316</b>
OBC - HUSØKONOMI	41 505	40 521	39 711	39 594	- 927
OBC5 - PORTØR FSS	30 204	28 754	29 156	27 931	- 823
OBD - TEKNISK DRIFTS-AVDELING	73 257	68 585	68 866	66 653	- 1 932
OBF - MATFORSYNING	38 499	36 445	35 535	35 274	- 1 171
OEA - DRIFT OG EIGEDOM	1 626	326	871	1 172	846
OED - MEDISINSK TEKNISK AVDELING	25 302	21 313	21 202	21 668	355
<b>Sum Drift og eigedom</b>	<b>210 393</b>	<b>195 943</b>	<b>195 340</b>	<b>192 292</b>	<b>- 3 652</b>
<b>Sum</b>	<b>439 639</b>	<b>439 217</b>	<b>426 217</b>	<b>435 250</b>	<b>- 3 967</b>

Budsjettframlegget til stab og støtte syner ein netto reduksjon på 4 millionar i høve budsjett for 2017. 7 millionar gjeld driftsendringar og 3,5 millionar prisendringar, som synt i tabell under:

Prisendringar (tal i 1000 kroner)	
Løn	6 031
Driftskostnader	7 298
Andre inntekter	- 944
Basisramme	- 4 713
Korrigert pensjonskostnad	- 4 136
<b>Sum prisendringar</b>	<b>3 537</b>

### 3.3 Administrerende direktør

Adm. dir.	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Prognose 2017	Budsjett 2018	Endring B18-B17
LN08 - Andre øremerkede tilskudd	- 40				
LN09 - Andre driftsinntekter	- 860	- 446	- 566	- 267	179
<b>Sal og driftsinntekter</b>	<b>- 900</b>	<b>- 446</b>	<b>- 566</b>	<b>- 267</b>	<b>179</b>
LN13 - Varekost	12	11	11	12	
LN15 - Lønn til fast ansatte	7 788	7 845	8 815	10 190	2 345
LN16 - Overtid og ekstrahjelp	- 12	5	5	5	
LN17 - Pensjonskostnad inkl arbeidsgjevaravgift	2 575	2 258	2 258	2 460	202
LN18 - Off tilskudd og refusjoner vedr arbeidskraft	- 78	- 68	- 68	- 70	- 2
LN19 - Annen lønn	2 507	2 552	2 754	2 802	250
LN22 - Andre driftskostnader	2 025	1 545	1 694	1 654	109
<b>Driftskostnader</b>	<b>14 816</b>	<b>14 148</b>	<b>15 468</b>	<b>17 053</b>	<b>2 905</b>
<b>Sum</b>	<b>13 916</b>	<b>13 702</b>	<b>14 902</b>	<b>16 786</b>	<b>3 084</b>

Adm. dir.	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Prognose 2017	Budsjett 2018	Endring B18-B17
OCB1 - ADM DIR	6 608	5 830	7 006	8 759	2 929
OCB6 - STADLEG LEIAR NORDFJORD	7 130	7 098	7 133	7 258	160
OCB7 - STADLEG LEIAR LÆRDAL	178	775	762	770	- 5
<b>Sum</b>	<b>13 916</b>	<b>13 702</b>	<b>14 902</b>	<b>16 786</b>	<b>3 084</b>

For området til administrerende direktør er det framlegg om ein auke på 3,1 millionar i høve budsjett for 2017. Endringar kjem fram i følgjande tabell:

Prisendring og aktivitetsendring (tal i 1000 kroner)	
<b>Nettokostnader budsjett 2017</b>	13 702
Lønsjustering	373
Kostnader justering	32
Andre inntekter justering	- 5
Korrigert pensjonskostnad	202
Organisasjonsendring, spesialrådgjevar og jurist	2 360
Endring som følgje av vedtak og hendingar i 2017	122
<b>Sum nettokostnader - ramme 2018</b>	<b>16 786</b>

#### Stadleg leiar Nordfjord

Servicesenteret ved NSH er organisert under administrerende direktør, ved stadleg leiar i Nordfjord. Drifta i 2018 er ei rein framskriving av drifta i 2017. Det er vanskeleg å finne rom for innsparingar før det vert gjort ei samling av aktivitet på områda telefoni og skiving i Helse Førde.

#### Stadleg leiar Lærdal

Det vart tilsett stadleg leiar frå 1. november 2016.

#### Styret og adm. dir

Styret er budsjettert med aktivitetsnivå tilsvarande 2017. Beredskapssjef er i 2017 flytta inn under administrerende direktør.

### 3.4 Stab og støtte fellesområde

Stab og støtte fellesområde	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Prognose 2017	Budsjett 2018	Endring B18-B17
LN08 - Andre øremerkede tilskudd	3		- 138		
LN09 - Andre driftsinntekter	- 210		- 870	- 438	- 438
Sal og driftsinntekter	- 207		- 1 008	- 438	- 438
LN13 - Varekost	27				
LN15 - Lønn til fast ansatte	14 976	13 596	12 921	13 506	- 90
LN16 - Overtid og ekstrahjelp	12	9	196	7	- 3
LN17 - Pensjonskostnad inkl arbeidsgjevaravgift	4 605	4 413	4 413	3 401	- 1 013
LN18 - Off tilskudd og refusjoner vedr arbeidskraft	- 412	- 91	- 50	- 52	39
LN19 - Annen lønn	3 341	2 419	2 653	2 615	196
LN22 - Andre driftskostnader	104 289	104 574	100 018	111 968	7 394
Driftskostnader	126 839	124 921	120 151	131 444	6 523
<b>Sum</b>	<b>126 632</b>	<b>124 921</b>	<b>119 143</b>	<b>131 006</b>	<b>6 085</b>

Stab og støtte fellesområde	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Prognose 2017	Budsjett 2018	Endring B18-B17
OCA0 - STAB OG STØTTE FELLES	7 961	9 697	4 127	7 289	- 2 408
OCC7 - FØRETAKSSEKRETARIAT	11 174	6 649	7 125	6 454	- 195
OCE2 - IKT	104 814	105 855	105 175	114 468	8 613
OCG1 - KOMMUNIKASJONSAVDELING	2 682	2 720	2 717	2 795	75
<b>Sum</b>	<b>126 632</b>	<b>124 921</b>	<b>119 143</b>	<b>131 006</b>	<b>6 085</b>

Budsjett innan fellesområdet, aukar med 6,1 millionar i høve budsjett for 2017. Endringane kjem fram i følgjande tabell:

Prisendring og aktivitetsendring (tal i 1000 kroner)	
<b>Nettokostnader budsjett 2017</b>	124 921
Lønnsjustering	463
Kostnader justering	1 243
Inntekter justering	- 8
Korrigert pensjonskostnad	- 813
Auka kostnader til føretakssekretariatet	380
Auka kostnader til IKT	5 600
Reduserte reisekostnader	- 110
Avslutte abonement gule sider	- 89
Endring som følgje av vedtak og hendingar i 2017	- 581
<b>Sum nettokostnader - ramme 2018</b>	<b>131 006</b>

I budsjettet er det lagt inn ein auke i IKT-kostnadene i 2018 som samsvarer med budsjettet til Helse Vest IKT. Langtidsbudsjettet til Helse Vest IKT syner aktivitetsauke innan IKT-området, og føretaket vil få ein fortsatt kostnadsvekst på dette området i åra framover. I 2018 er dei største endringane knytt til auka lisenskostnader, auka porteføljeaktivitet og bemanningsauke. Investeringsramma for porteføljen aukar, noko som inneber vekst i aktivitetsnivå og meir ressursar. Dei tre store programområda går vidare i 2018, og dei er LIBRA, HELIKS og Alle møter.

Kostnadsauken i avdeling for føretakssekretariatet er knytt til at det i omorganiseringsprosessen og etablering av denne avdelinga, ikkje vart teke omsyn til individuell lønnsauke for einskildsmedarbeidarar. Gjennom samordning av interne ressursar har avdelinga gjennom 2017 hatt auka tenesteproduksjon inn mot andre ansvarsområde. Eit potensielt nedtak av 0,5 årsverk vil medføre endring i gjeldande avtaler for tenestestøtte i høve til andre avdelingar.



Kommunikasjonsavdelinga har tre faste stillingar. I tillegg vart avdelinga utvida med ei prosjektstilling som rådgjevar frå august 2017. Stillinga gjeld i første omgang for to år, og er øymerka arbeid med intern kommunikasjon knytt opp mot tenesteutviklingsprosjekta og utbygginga av Førde sentralsjukehus. Avdelinga opplever aukande arbeidsmengde. Kommunikasjonsarbeidet kring den økonomiske situasjonen, utviklingsprosjekta og utbygginga er utfordrande. I tillegg krev regionale og lokale prosjekt og program meir tid og ressursar.

### 3.5 Fag og utviklingsavdeling

Fag og utvikling	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Prognose 2017	Budsjett 2018	Endring B18-B17
LN01 - Basisramme	- 3 081	- 3 161	- 3 161	- 3 246	- 85
LN08 - Andre øymerka tilskot	- 1 601	- 2 246	- 2 002	- 1 120	1 127
LN09 - Andre driftsinntekter	- 2 869	- 2 466	- 2 354	- 4 313	- 1 847
Sal og driftsinntekter	- 7 551	- 7 874	- 7 517	- 8 679	- 806
LN11 - Kjøp av offentlege helsetenester	- 688	921	679	268	- 652
LN12 - Kjøp av private helsetenester		40	40	41	1
LN13 - Varekost	34	86	86	88	2
LN15 - Lønn til fast ansatte	22 564	28 000	28 898	27 733	- 267
LN16 - Overtid og ekstrahjelp	367	689	676	714	26
LN17 - Pensjonskostnad inkl arbeidsgjevaravgift	6 644	6 889	6 889	7 243	354
LN18 - Off tilskudd og refusjoner vedr arbeidskraft	- 1 208	- 646	- 1 359	- 1 187	- 542
LN19 - Annen lønn	4 509	5 345	5 368	5 496	151
LN22 - Andre driftskostnader	6 671	6 065	7 125	8 353	2 288
Driftskostnader	38 892	47 389	48 402	48 749	1 360
Finans resultat	2				
<b>Sum</b>	<b>31 343</b>	<b>39 515</b>	<b>40 885</b>	<b>40 070</b>	<b>554</b>

Fag og utvikling	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Prognose 2017	Budsjett 2018	Endring B18-B17
OCC1 - FAG OG UTV	6 634	7 623	9 798	10 673	3 050
OCC4 - SENTER FOR KLINISKE FAGSYSTEM	13 222	13 466	13 356	12 067	- 1 399
OCC8 - FORSKING OG INNOVASJON	5 481	6 444	6 470	5 743	- 701
OCC9 - KVALITET OG PASIENTTRYGGLEIK	2 453	8 699	8 135	8 799	100
OCD3 - KOMPETANSE OG UTDANNING	3 553	3 283	3 126	2 787	- 496
<b>Sum</b>	<b>31 343</b>	<b>39 515</b>	<b>40 885</b>	<b>40 070</b>	<b>554</b>

Budsjettframlegget til fag og utvikling syner ein netto reduksjon på 0,6 millionar i høve budsjett for 2017. Endringar og tiltak for å redusere kostnader kjem fram i følgjande tabell:

<b>Prisendring og tiltak (tal i 1000 kroner)</b>	
<b>Nettokostnader budsjett 2017</b>	39 515
Lønnsjustering	948
Kostnader justering	201
Andre inntekter justering	- 96
Basisinntekter justering	- 85
Korrigert pensjonskostnad	354
<b>Sum justeringar</b>	<b>1 321</b>
Checkware, 20 % stilling	200
Alle møte, april-des18 to prosjektmedarb.	600
Endring som følgje av vedtak og hendingar i 2017	1 375
<b>Sentralt fag og utvikling</b>	<b>2 175</b>
Skanning - nedtak	- 1 085
Utvida systemansvar EPJ	45
Endring som følgje av vedtak og hendingar i 2017	- 45
<b>Sum seksjon kliniske fagsystem</b>	<b>- 1 085</b>
Endring som følgje av vedtak og hendingar i 2017	- 710
<b>Sum seksjon for helseforskning</b>	<b>- 710</b>
Endring som følgje av vedtak og hendingar i 2017	- 736
<b>Sum seksjon kvalitet og pasienttryggleik</b>	<b>- 736</b>
<b>Sum seksjon kompetanse og utdanning</b>	<b>- 412</b>
<b>Sum nettokostnader - ramme 2018</b>	<b>40 070</b>

Fag- og utviklingsavdelinga har både i 2016 og 2017 fått overført fleire tilsette frå andre avdelingar i stab og støtte, fått nye oppgåver og har endra organisering.

- Ressursar knytt til Nye Førde sjukehus (NFS) som ligg i fag- og utviklingsavdelinga, inkludert prosjektdirektør, tilretteleggar og ein logistikkmedarbeider, vert finansiert av byggjeprojektet Nye Førde Sjukehus (NFS).
- Forsking- og innovasjon vart i 2017 styrka med 1/3 stilling til å styrke føretaket sitt arbeid med innovasjon. Dette er eit samarbeid med Høgskulen og Kunnskapsparken. Det vil vere meir midlar «i omløp» knytt til forskning i 2018 enn i 2017, i hovudsak på grunn av ei større løyving (14 millionar) frå Forskingsrådet i 2017. Det er for 2018 ikkje lagt opp til å auke bruken av eigne midlar til forskning i 2018. Forskingsaktiviteten i Helse Vest har nyleg vorte revidert. Det blir det kommentert at målet er å ha minimum 1 prosent av driftsbudsjettet avsett til forskning, og at Helse Førde framleis ligg lågast.

Seksjonen senter for kliniske fagsystem skal redusere med 2,5 stillingar i 2018. Desse er knytt til arbeid med scanning av dokument, der vi ventar at aktiviteten vil verte redusert som følgje av innføring av IKT-prosjekt som digitalisering av kurve og legemiddelforskriving og digitalt mediearkiv mv. Det har vore to avdelingsmøte med tillitsvalde og verneteneste der tiltaket er informert om. Det er vidare sett i gong omstillingsprosess i samarbeid med HR-avdelinga knytt til stillingane. Det er utarbeidd ROS-analyse knytt til tiltaket, som syner moderat risiko knytt til at IKT-prosjekta ikkje blir innført som planlagt.

Alle seksjonane har lagt inn tiltak for å effektivisere drifta, og det er høg merksemd på å redusere reiseaktiviteten, m.a. gjennom meir bruk av videomøte.

### Utfordringsbilde knytt til 2018

- Auka krav til implementering av kvalitetstiltak, fagutvikling, internkontroll, styringssystem og rapportering treff i stor grad fag- og utviklingsavdelinga.
- Innføring av ny LIS-utdanning for legar og andre tiltak for betre systematikk i utdannings-/kompetansetiltak stiller høgare krav enn tidlegare, utan at ressursane til å organisere desse oppgåvene er auka i same grad.
- Forskingsadministrasjonen er i dag liten og det er krevjande å handtere dei relativt store midlane som er i omløp som følgje av eksterne tilskot.
- Det er ei utfordring å administrere mange større prosjekt og samstundes sikre god økonomisk styring. Avdelinga har merksemd på å søkje midlar som kan understøtte sentralt utviklingsarbeid.
- Fleire sentrale funksjonar i Helse Førde har berre ein tilsett med aktuell kompetanse, og i fag og utviklingsavdelinga er det fleire i denne gruppa. Dette er sårbart og det vert arbeidd med overføring av kunnskap på tvers og tidleg rekruttering for å erstatte personell på veg ut.
- Verksemdsmessig utviklingsplan skal reviderast for å tilpassast nye krav nasjonalt, og fristen for ferdigsstilling i region vest er i juni 2018. Dette vil krevje ressursar som det er mogleg vi må leige inn konsulentar for å greie å ferdigstille.
- Nye Førde sjukehus vil krevje stor merksemd i 2018, både av prosjektilsette og i form av vidare tenesteutviklingsprosjekt og andre tiltak.
- Avdelinga har større oppgåver med implementering av regionale prosjekt som Alle møter og andre IKT-prosjekt. Det er ei kontinuerleg utfordring å avsjå ressursar til desse.

### Budsjettprosessen

Budsjettet har vore drøfta i personalmøte, med seksjonleiarane og stab, kor økonomirådgjevar også har delteke. Det har vore fleire budsjettmøte mellom avdelinga og økonomirådgjevar.

Seksjonsleiarane har orientert og diskutert budsjettet med sine tilsette. Verneteneste og tillitsvalde har vore involverte i prosessen ved fleire møte.

## 3.6 HR-avdeling

HR-avdeling	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Prognose 2017	Budsjett 2018	Endring B18-B17
LN01 - Basisramme	- 122 031	- 116 229	- 117 129	- 120 817	- 4 588
LN071 - Øymerka tilskot - raskare tilbake	- 663	- 416	- 216		416
LN08 - Andre øymerka tilskot				- 1 489	- 1 489
LN09 - Andre driftsinntekter	- 41 007	- 45 484	- 36 323	- 33 946	11 537
Sal og driftsinntekter	- 163 701	- 162 128	- 153 668	- 156 252	5 876
LN13 - Varekost	14	2	2	2	
LN15 - Lønn til fast ansatte	31 202	31 510	32 658	27 749	- 3 761
LN16 - Overtid og ekstrahjelp	460	185	163	118	- 67
LN17 - Pensjonskostnad inkl arbeidsgjevaravgift	9 465	8 368	8 368	6 383	- 1 985
LN18 - Off tilskudd og refusjoner vedr arbeidskraft	- 1 981	- 1 458	- 1 558	- 869	589
LN19 - Annen lønn	8 110	8 636	8 740	8 348	- 288
LN22 - Andre driftskostnader	149 370	154 221	135 591	144 264	- 9 957
Driftskostnader	196 640	201 463	183 964	185 995	- 15 468
Finans resultat	9				
<b>Sum</b>	<b>32 948</b>	<b>39 334</b>	<b>30 297</b>	<b>29 743</b>	<b>- 9 592</b>

HR-avdeling	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Prognose 2017	Budsjett 2018	Endring B18-B17
OCD1 - HR-STAB	11 457	11 404	12 028	12 320	916
OCD2 - BEDRIFT SHELSET ENESTE	3 679	3 520	3 516	3 475	- 44
OCD7 - HR RÅDGJEVING	6 897	6 951	6 375	6 495	- 455
OCD8 - LØNN OG PERSONAL	8 277	8 205	8 250	7 687	- 517
OCD9 - RESSURS OG BEMANNING	5 507	5 385	5 522	4 935	- 450
ODJ - PASIENTREISER	- 2 868	3 871	- 5 393	- 5 171	- 9 041
<b>Sum</b>	<b>32 948</b>	<b>39 334</b>	<b>30 297</b>	<b>29 743</b>	<b>- 9 592</b>

Netto syner budsjettframlegget for HR-avdelinga ein reduksjon på 9,6 millionar i høve budsjett for 2017. Endringar og tiltak for å redusere kostnader kjem fram i følgjande tabell:

Prisendring og tiltak (tal i 1000 kroner)	
<b>Nettokostnader budsjett 2017</b>	39 334
Lønnsjustering	1 027
Kostnader justering	3 562
Andre inntekter justering	- 628
Basisinntekter justering	- 4 627
Korrigert pensjonskostnad	- 1 985
<b>Sum justeringar</b>	<b>- 2 651</b>
<b>Endring i kostnader pasientreiser</b>	<b>- 6 501</b>
Pasientens helseteneste, ekstra tillitsvald	630
HR - effektiviseringstiltak	- 1 170
Heilårseffekt som følgje av andre vedtak og endringar i HR	101
<b>Sum nettokostnader - ramme 2018</b>	<b>29 743</b>

HR sitt budsjett for 2018 syner ein nedgang i driftsramma. Dette med bakgrunn i innsparingskrav for 2018 som vil redusere bemanninga med til saman 2,5 årsverk. Aktivitetsnivået vil elles vere likt som i 2017. Det betyr at avdelinga skal tilby same tenester og oppgåver som i 2017, men med ei lågare bemanning. Dette gir eit stadig press på dei tilsette.

### Utfordringsbilde knytt til 2018

HR vil bruke 2018 til å sjå på bruk av ressursar på tvers for å kunne vurdere eventuelle synergjar og gevinstrealisering. God styring av tilgjengelege ressursar samt effektivisering av arbeidsprosessar vil vere avgjerande for å oppnå tilfredsstillande tenesteleveranse. Innsparingskrav gjer at driftskostnadene vil måtte reduserast knytt til reiseaktivitet og meir bruk av videoutstyr.

HR vil arbeide mot stadig meir bruk av elektroniske løysingar knytt til driftsrelaterte oppgåver, inkludert bruk av robotiserte tenester. Dette gjeld t.d. knytt til kommunikasjon og innsending av dokumentasjon / søknader / krav mot NAV. Dette vil over tid kunne effektivisere drifta endå meir enn i dag.

### Pasientreiser

I 2018 vil avdelinga ha fokus på reduksjon av kostnader gjennom å redusere transportørane si ventetid, verte flinkare å velje den billigaste transportør på møteplassar og etablere faste tider for tilrettelagt transport på nokre aksar. I tillegg vil vi vidareføre det kontinuerlige arbeidet med å auke samkøyringsgraden for drosjer, og halde fram informasjonsarbeidet mot behandlarar og rekvirentar for å unngå unødige kostnader. Avdelinga vil i 2018 endre rutinar som det vert jobba etter, for å få ei større samordning av kommunale og interkommunale turar i fylket. Vi har tru på at det vil gjere drosjebruken meir kostnadseffektiv.

I 2018 vil kontrakt for drosjetransport ut og inn av Førde kommune lysast ut på anbod. Då denne vil innehalde mykje av uttransporten frå FSS kjem anbodet til å vere avgjerande for kostnadene.

Den 1. oktober var det eitt år sidan Stortinget innførte nytt regelverk for pasientreiseområdet og innføring av digital løysing for pasientreiseoppgjær. Avdelinga har hatt ei tett oppfølging av effekten av dette, og vi ser at storleiken på utbetalingane av refusjonskrav har gått noko ned, medan tal refusjonskrav er om lag som før.

### 3.7 Økonomiavdeling

Økonomiavdeling	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Prognose 2017	Budsjett 2018	Endring B18-B17
LN09 - Andre driftsinntekter	- 644	- 343	- 363	- 369	- 27
Sal og driftsinntekter	- 644	- 343	- 363	- 369	- 27
LN13 - Varekost	481	211	193	214	3
LN15 - Lønn til fast ansatte	10 426	11 454	11 348	11 462	8
LN16 - Overtid og ekstrahjelp	148	152	223	129	- 23
LN17 - Pensjonskostnad inkl arbeidsgjevaravgift	3 349	3 051	3 051	2 770	- 281
LN18 - Off tilskudd og refusjoner vedr arbeidskraft	- 187	- 1	- 291	- 274	- 273
LN19 - Annen lønn	1 568	1 764	1 739	1 706	- 59
LN22 - Andre driftskostnader	9 265	9 513	9 751	9 716	203
Driftskostnader	25 051	26 144	26 013	25 723	- 421
<b>Sum</b>	<b>24 407</b>	<b>25 801</b>	<b>25 651</b>	<b>25 354</b>	<b>- 448</b>

Økonomiavdeling	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Prognose 2017	Budsjett 2018	Endring B18-B17
OBC71 - FORSYNING HF	5 995	6 194	5 968	6 341	147
OCF1 - ØKONOMI	13 206	13 825	14 201	13 347	- 478
OCF2 - REKNESKAP	5 206	5 782	5 482	5 665	- 116
<b>Sum</b>	<b>24 407</b>	<b>25 801</b>	<b>25 651</b>	<b>25 354</b>	<b>- 448</b>

Budsjettframlegget til økonomiavdelinga syner ein reduksjon på 0,4 millionar i høve budsjett for 2017. Endringar og tiltak for å redusere kostnader kjem fram i følgjande tabell:

Prisendring og tiltak (tal i 1000 kroner)	
<b>Nettokostnader budsjett 2017</b>	25 801
Lønnsjustering	378
Kostnader justering	280
Andre inntekter justering	- 7
Korrigert pensjonskostnad	- 281
<b>Sum justeringar</b>	<b>370</b>
Ein stilling mindre i økonomiavdelinga	- 700
Heilårseffekt som følgje av andre vedtak og endringar	- 118
<b>Sum nettokostnader - ramme 2018</b>	<b>25 354</b>

Økonomiavdelinga har ansvar for rekneskap, budsjett, innkjøp, lager forsyning samt inntektssikring ved riktig medisinsk koding. Avdelinga skal syte for at leiinga får god styringsinformasjon på økonomiområdet. Vidare er avdelinga ei serviceavdeling som skal hjelpe resten av organisasjonen til å få dei varene dei treng til drifta, og betre forståinga av økonomiske samanhengar i drifta.

I 2015 byrja det regionale prosjektet LIBRA som er Helse Vest sitt program for å optimalisere støttenestene innanfor fagområda budsjett, innkjøp og logistikk (lagerstyring av varer), rekneskap og styringsinformasjon/felles register. Mellom anna skal prosjektet syte for ny systemstøtte på områda. Dette prosjektet er ressurskrevjande for avdelinga. Helse Vest har i 2017 avgjort kva for system som skal innførast – rekneskaps- og logistikkprogrammet SAP. Det blir no arbeid intensivt

med å få klart systemet til oppstart 1. januar 2019. For Helse Førde skal nytt system på rekneskapsområdet takast i bruk 1. januar 2019, medan bestillings- og forsyningsdelen skal takast i bruk i 2020. Dette gjer at økonomiavdelinga prioriterer å halde fram deltakinga i prosjekt LIBRA i 2018.

Helse Førde er pålagt å arbeide med systemet kostnad og aktivitet per pasient (KAP). Systemet skaffar kostnads- og aktivitetsstatistikk til nasjonale føremål, men kan også brukast til interne analysar. Avdelinga vil i 2018 arbeide for at systemet skal bli brukt endå meir aktivt i føretaket.

### Forsyning

Ansvar til avdelinga er å ivareta og forbetre innkjøps- og forsyningstenesta i helseføretaket. Forsyningsavdelinga vart flytta til økonomiavdelinga i 2016. Avdelinga følgjer opp regionale tilsyn og avtaledekking og styring av området innkjøp. Det vert lagt vekt på avtalelojalitet, både for kjøp til lagera og for kjøp direkte inn til avdelingane. Ved å auke kompetansen til dei som bestiller varer i innkjøps- og avtaleforvaltningssystemet, vil ein større del av varekjøpa verte handla der vi har avtalar. Vi ser ein stor auke i etterspørsel etter behandlingshjelpemiddel, oppfølginga skjer som ein del av Libra-prosjektet.

## 3.8 Drift og eigedom

Drift og eigedom	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Prognose 2017	Budsjett 2018	Endring B18-B17
LN08 - Andre øymerka tilskot	- 14 669	- 3 700	- 3 700	- 916	2 784
LN09 - Andre driftsinntekter	- 32 049	- 33 628	- 33 446	- 35 850	- 2 221
<b>Sal og driftsinntekter</b>	<b>- 46 718</b>	<b>- 37 328</b>	<b>- 37 146</b>	<b>- 36 766</b>	<b>563</b>
LN13 - Varekost	22 683	19 596	19 116	19 390	- 205
LN15 - Lønn til fast ansatte	84 131	87 662	86 188	85 818	- 1 844
LN16 - Overtid og ekstrahjelp	2 325	2 296	2 673	2 727	431
LN17 - Pensjonskostnad inkl arbeidsgjevaravgift	25 876	21 760	21 760	20 146	- 1 614
LN18 - Off tilskudd og refusjoner vedr arbeidskraft	- 4 475	- 3 239	- 3 831	- 3 465	- 226
LN19 - Annen lønn	7 465	8 663	8 043	8 263	- 400
LN22 - Andre driftskostnader	119 106	96 534	98 536	96 178	- 356
<b>Driftskostnader</b>	<b>257 110</b>	<b>233 272</b>	<b>232 486</b>	<b>229 057</b>	<b>- 4 214</b>
Finans resultat	2				
<b>Sum</b>	<b>210 393</b>	<b>195 943</b>	<b>195 340</b>	<b>192 292</b>	<b>- 3 652</b>

Drift og eigedom	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Prognose 2017	Budsjett 2018	Endring B18-B17
OBC - HUSØKONOMI	41 505	40 521	39 711	39 594	- 927
OBC5 - PORTØR FSS	30 204	28 754	29 156	27 931	- 823
OBD - TEKNISK DRIFTSKOSTNAD	73 257	68 585	68 866	66 653	- 1 932
OBF - MATFORSYNING	38 499	36 445	35 535	35 274	- 1 171
OEA - DRIFT OG EIGEDOM	1 626	326	871	1 172	846
OED - MEDISINSK TEKNISK AVDELING	25 302	21 313	21 202	21 668	355
<b>Sum Drift og eigedom</b>	<b>210 393</b>	<b>195 943</b>	<b>195 340</b>	<b>192 292</b>	<b>- 3 652</b>

Budsjettframlegget til drift og eigedom syner ein reduksjon på 3,7 millionar i høve budsjett for 2017. Endringar og tiltak for å redusere kostnader og auke innteninga, kjem fram i følgjande tabell:

<b>Prisendring og tiltak (tal i 1000 kroner)</b>	
<b>Nettokostnader budsjett 2017</b>	<b>195 943</b>
Lønnsjustering	2 842
Kostnader justering	1 981
Andre inntekter justering	- 201
Korrigert pensjonskostnad	- 1 614
<b>Sum justeringar</b>	<b>3 009</b>
<b>Endringar drift og eigedom felles</b>	<b>785</b>
Reinhald og tekstilavdeling, samkøyring	- 1 002
Effektiviseringiltak inkludert ny innkjøpsavtale	- 376
<b>Endring husøkonom</b>	<b>- 1 378</b>
<b>Endring portøravdeling, i hovudsak knytt til ein portør om natt FSS</b>	<b>- 922</b>
Auka inntekter bustadformidling	- 300
Utleige Wennevoldhuset	- 100
Ikkje erstatte ressurs i driftsorganisasjon, Prosjekt Nye Førde sjukehus	- 700
Energisparing	- 400
Avslutte leasingavtale bil, Lærdal	- 100
Redusert vedlikehald Tronvik	- 100
Redusert 40% stilling vaktmester utlånt til bustadstifinga	- 200
Heilårseffekt som følgje av andre vedtak og endringar	- 1 617
<b>Sum teknisk driftsavdeling</b>	<b>- 3 517</b>
<b>Matforsyning, heilårseffekt av vedtak og endringar</b>	<b>- 1 438</b>
Ny MR FSS (installert 2016)	150
CT FSS (innstalert 2015)	320
Blodbestrålermaskin LMBB, redusert servicegrad	- 223
Redusert innkjøp av medisinsk driftsutstyr	- 280
Heilårseffekt som følgje av andre vedtak og endringar	- 157
<b>Sum medisinteknisk avdeling</b>	<b>- 190</b>
<b>Sum nettokostnader - ramme 2018</b>	<b>192 292</b>

### Teknisk drift

I 2017 har teknisk drift arbeidd med utviklingsplan for bygningsmassen som rettesnor. Det er innført energileiing etter ISO 50001, og i samband med det fokuserer vi på driftstiltak som har element av energisparing. Arbeidet vert vidareført i 2018. Vidare vil vi i 2018 oppdatere tilstandsanalyse for heile bygningsmassen.

Den 20. januar 2017 gjekk HFD i produksjon med nytt system for overvaking og oppfølging av bygningsmassen, (FDV-system), og det har vore utført eit omfattande registreringsarbeid med overføring av data til nytt system. Teikningsdokumentasjon er digitalisert og konvertert for bruk i det nye systemet. Innføring av FDV-system effektiviserer bygningsforvaltninga, arbeidsordrehandteringa og dermed også ressursstyringa.

## **Bustadformidling**

Overføringa av rammer til klinikkane kan sjå ut til å ha fått ønska effekt. Del som vert «betalt» av avdelingane i form av gratis leige er redusert medan inntektene har auka. Samarbeid med bustadstiftingane med å rehabiliter og betre tenestene vil halde fram i 2018.

Vi vil i 2018 også sjå nærare på intern organisering av økonomi, forvaltning, drift og vedlikehaldsteneste som bustadformidlingane utøver, samt rolle- og kostnadsfordeling mellom Helse Førde HF og bustadstiftingane.

## **Matforsyning**

Matforsyning legg opp til å vidareføre dagens mattilbod til pasientane i 2018, med noko lokal tilpassing av opningstider i kantine. Matforsyning deltek i regionalt prosjekt i HV om dataplanleggingsprogrammet Aivo. Dette er eit felles dataprogram der ein planlegg menyar og matproduksjon og dokumenterer den ernæringsmessige kvaliteten for kvart kjøkken. Matforsyning HFD er medlem i Oikos Norge, og deltek i nasjonale fagfora knytt til økologiske matvarer. I 2018 vil Helse Førde nå nasjonale mål på bruk av 15 prosent økologisk matvare. Det vert eit krevjande driftsår i 2018 med auka driftsrisiko ved at bemanninga på nokre kjøkken vert redusert frå to til ein enkelte arbeidsdagar.

## **Medisinteknisk avdeling (MTA)**

I 2017 har MTA måtte rydde i kodeverket før risikovurderinga av heile databasen kunne starte. Hovudfokus i 2018 vil vere å få gjennomført denne risikovurderinga på alt utstyr, samt utarbeide nye vedlikehaldsplanar i det nye FDV-systemet Medusa.

MTA vil fortsatt bli involvert i utrullinga av små og store IKT-prosjekt som «Kurve- og legemiddellogistikk» (KULE) og «Digitalt Mediearkiv» (DMA). Desse systema blir etter kvart overført i driftsfasen. MTA-miljøet i Helse Vest har hatt eit godt og konstruktivt samarbeid dei siste åra, vi har oppretta regionale arbeidsgrupper som skal ivareta våre forvaltningsoppgåver og interesser inn mot bl.a. IKT-system og kjøp.

MTA vil bli sterkt involvert i forprosjekt for nytt Førde sjukehus, vi skal bidra med vår spisskompetanse i denne planprosessen.

Dersom vi får ei ytterligere forskyving av utskiftingstakten av medisinteknisk utstyr (MTU) vil det få økonomiske betyding for drifta til MTA og brukaravdelingane i 2018 og framover.

## **Husøkonomi**

I løpet av vinter/vår 2018 vil husøkonomi ta i bruk nytt FDV-program for planlegging av reinhaldsressurs. Samtidig vil tilsette på reinhald ta i bruk nettbrett for registrering av utført reinhaldsoppdrag. Vi vil halde fram arbeidet med å leggje til rette for at tilsette skal kunne ta fagbrev som reinhaldsoperatør. Innsparingstiltaka i 2018 medfører redusert bemanning, og det vil bli krevjande for seksjonane å levere tenester av høg kvalitet. Målet for husøkonomi er å ivareta miljøet innomhus på ein slik måte at pasientar og pårørande får eit godt opphald og at tilsette får ein god arbeidsplass.

## **Portøravdeling**

Portør, ekspedisjon og pasienthotellet er i dag samla i portøravdelinga.

### **Portør**

Portørane har i 2017 gjennomført teorieksamen for fagbrev, og venter no på dato for praktisk prøve. Når prøva er på plass, får avdelinga seks portørar med fagbrev.

Det er budsjettert med innsparingstiltak for å spare kostnader og optimalisere drifta i 2018.

- Gjere om til seksjon og plassere denne inn under ein eksisterande avdelingssjef.
- Redusere frå to til ein portør på natt

Ekspedisjon og Pasienthotell



Ekspedisjonen (sentralbord, resepsjon, innskrivingsentral, ID-kontor, bodkontor og arkiv) vil ha fokus på god service til pasientar, pårørande, tilsette og andre som tek kontakt. Vi vil òg i 2018 delta i prosjekt «Open linje» og prosjekt «Vel møtt».

Pasienthotellet vil sikre at pasientar og gjestar kjenner seg trygge og ivaretekne under opphaldet. Fokus på knutepunktfunksjonen for å halde nede tal korridorpatientar og avlaste sengepostane, samt ivareta den pasientopplevde kvaliteten ved å ha pasientane på rett omsorgsnivå.

Begge seksjonane vil ha fokus på å tilpasse drift og ressursbruk mest mogleg opp mot klinikkane / brukarane sin aktivitet, særleg i feriar.

## 4 Bemanningsplan 2018

### Netto månadsverk frå 2014 til 2018

Netto månadsverk	2014	2015	2016	2017	Budsjett 2018	Endring	Merknad
Adm. dir.	12	13	13	15	17	2,0	Rådgjevar og jurist
Drift og eigedom	168	171	170	178	174	-3,9	Redusert stilling matforsyning -1 Portøravdeling -1,5 Reinhaldar -1 Vaktmester bustadstiftinga -0,4
Fag og utvikling	38	43	42	54	52	-1,5	Prosjektstilling alle møter 1 Scanning - 2,5
HR-avdeling	59	60	64	70	68	-2,5	Tillitsvald pasientens helset. 1 Effektivisering HR avdeling -2,5 Effektivisering pasienttransport -1
Stab og støtte felles	25	26	26	21	20	-1,0	Flytta jurist til Adm. dir.
Økonomiavdeling	21	25	21	21	20	-1,0	Økonomirådgjevar
<b>Sum stab og støtte</b>	<b>324</b>	<b>338</b>	<b>336</b>	<b>359</b>	<b>351</b>	<b>-7,9</b>	

## 5 Budsjettprosess

Tabellen syner dei viktigaste møtepunktta i samband med budsjettprosessen i stab og støtte.

Datoar for budsjettarbeid 2018 - stab og støtte		
Dato	Deltakarar	Tema
19.06.2017	Avdelingsleiarar, tillitsvalde og verneombod	Utsending av rammes for budsjett 2018
14.08.2017	Stabsmøte, direktør med næraste underordna	Prognose 2017, budsjettgrunnlag, mogelege innsparingar og realauker
11.09.2017	Stabsmøte, direktør med næraste underordna	Prognose 2017, budsjettgrunnlag, mogelege innsparingar og realauker
september	FAU avdelingsmøte med tillitsvalde og verneteneste	Informasjon om rammes og framlegg til tiltak
02.10.2017	Stabsmøte, direktør med næraste underordna	Prognose 2017, budsjettgrunnlag, mogelege innsparingar og realauker
02.10.2017	Utvida klinikk arbeidsmiljøutval (KAMU), Direktør med sine leiarar, tillitsvalde og verneombod.	Budsjettgrunnlag, mogelege konsekvensar for tilsette
20.10.2017	Klinikk arbeidsmiljøutval (KAMU)	Gjennomgang og informasjon om saldert budsjett, i 2017 kroner.
oktober	FAU avdelingsmøte med tillitsvalde og verneteneste	Informasjon om prosessen med å avklare tiltak
nov	FAU v/senter for kliniske fagsystem møte med tv/vo	Informasjon og dialog om prosess med nedtak av stillingar
21.11.2017	Matforsyning, møte med tillitsvalde og vernetenesta	Informasjonsmøte om sparetiltak for 2018
22.11.2017	Direktør Stab og støtte og tillitsvalde og vernetenesta	Drøfting av budsjett for Stab og støtte

----- O -----